

Senter for medisinsk etikk

Etikk i helsetenesta

Årsrapport for 2022



Samandrag

Senter for medisinsk etikk (SME) ønsker å styrke etikk-kompetansen i helsetenesta gjennom forsking, undervising og rettleiing for å slik bidra til at pasientar og pårørande blir godt ivareteke. Dette arbeidet er organisert gjennom prosjektet Etikk i helsetenesta (EIH), som er finansiert av Helsedirektoratet. 2022 har vore eit innhaldsrikt år:

- Fem større kurs/seminar har vorte heldt, mellom anna haustseminaret for medlemer av kliniske etikk-komitear i spesialisthelsetenesta.
- EIH har bidrege til høyringar og gitt innspel til myndighetene om, mellom anna, utviklingstrekk i omsorgstenesta etter pandemien, til UKOM sin rapport om Kongsbergdrapa og til Oslo kommune sin folkehelsestrategi.
- Tilsette har undervist, vegleda og gjeve bistand til etikkomitear, etikkvegleiarar, helsepersonell og helseforvaltninga i drøfting av vanskelege etiske dilemma
- Fleire forskingsprosjekt har blitt gjennomført innanfor rammene av løyvingane frå Helsedirektoratet, mellom anna det treårige forskingsprosjekt om etablering av etikkomitear i kommunane som vart avslutta i 2022.
- EIH-tilsette har til saman 37 publikasjonar i løpet av 2022, formidla og helde føredrag i ei rekke ulike fora, samt byrja og vidareført fleire nasjonale og internasjonale samarbeid.
- Alle årlege kurs/seminar har blitt gjennomført – hovudsakleg med fysisk oppmøte for første gong sidan pandemien.

Innhold

1. Innleiing.....	1
2. Tilsette.....	1
3. Kurs og seminar	1
4. Samarbeid og nettverk	3
5. Forsking og fagutvikling.....	4
6. Klinisk etikk-komitear i spesialisthelsetenesta.....	6
7. Etikkråd/klinisk etikk-komitear i kommunane	10
8. Publisering.....	11
9. Kurs/aktivitetar/deltaking på fagseminar/konferansar og eksterne møter	14
10. Verv, andre oppgåver og øvrig aktivitet.....	14
11. Vedlegg.....	17

1. Innleiing

Helse- og omsorgstenestene er inne i ei krevjande tid. Blant utfordringane er nye og ressurskrevjande behandlingar, knappheit på kvalifisert personell, og «eldrebølga» som er på horisonten. Vårt inntrykk er at systematisk etikkarbeid berre vert meir og meir viktig i ei slik tid. Etikkarbeidet bidreg til at ein finn tenlege og godt grunngjeve løysingar på etiske problem. Nokre gonger inneber det at pasientar får tilgang på auka tenester. Men ofte fører det òg til at ein kan unngå overbehandling ved livets slutt eller anna helsehjelp med marginal eller inga nytte for pasienten. Dette er fordi etikkarbeidet hevar opp grunnleggjande spørsmål som kva pasienten ønskjer og kva som reelt er i pasientens interesse. I åra som kjem ønskjer vi å undersøke meir systematisk korleis etikkarbeid kan riggast for å fremme rettferdig prioritering og berekraftig ressursbruk. Vi trur etikk-komiteane har potensial til å bli støttespelarar for rettferdig prioritering i sjukehuset/kommunen. Men det føreset at dei får både kompetanse og eigne ressursar til å kunne gjøre godt og grundig arbeid.

2. Tilsette

Morten Magelssen	Førsteamanuensis, prosjektleiar	Fast tilsett, deltid
Reidar Pedersen	Professor, senterleiar	Fast tilsett, deltid
Reidun Førde	Professor emerita	Emeritavtale, deltid
Albert Christiaan Molewijk	Forskar med professorkompetanse	Fast tilsett, deltid
Anne Kari Tolo Heggestad	Forskar	Fast tilsett, deltid
Trygve Johannes Lereim Sævareid	Forskar	Midlertidig, deltid
Berit Hofset Larsen	Forskar, ph.d.-kandidat	Fast tilsett, deltid
Heidi Marie Karlsen	Forskar, ph.d.-kandidat	Midlertidig, fulltid
Jørgen Dahlberg	Forskar, ph.d.-kandidat	Midlertidig, deltid
Jacob Jorem	Forskar, ph.d.-kandidat	Midlertidig, deltid
Carl Tollef Solberg	Forskar	Fast tilsett, fulltid
Linn Brøderud	Forskar	Midlertidig, fulltid
Elisabeth Gjerberg	Forskar emerita	Pensjonsavtale, deltid
Lillemoen, Lillian	Forskar emerita	Pensjonsavtale, deltid
Rebekka Bjornes	Førstekonsulent	Midlertidig, deltid
Preben Sørheim	Førstekonsulent	Midlertidig, deltid
Helene Nortvedt	Førstekonsulent	Fast tilsett, deltid
Anders Tvedt	Rådgjevar	Fast tilsett, deltid

3. Kurs og seminar

Nasjonal nettverksdag for etikkrettleiarar og etikkforsknarar, 9. mai

Målet med nettverksdagen er å utveksle erfaringar med etikkrefleksjon frå forskjellige delar av helsetenesta, og presentere ny kunnskap om evaluering av etikkrefleksjon, blant anna om bruk av metodar og rettleiarrollen. Nettverksdagen blei arrangert på Frederik Holsts hus ved Ullevål sjukehus med 70 påmelde frå både spesialist- og kommunehelsetenesta. Nettverksdagen fokuserte i 2022 på korleis ein lukkast med organisering og forankring av etikkarbeidet. Det blei også holdt workshop om korleis ein set ord på og vektar verdiar og normer, samt kva slags type og mengde styring som er passe i etikkrettleiarrolla. (For programmet, sjå vedlegg 1.)

Etikk på tvers: etablering av kommunale etikk-komitear – ein sluttkonferanse, 1. april

I forskingsprosjektet «Etikk på tvers» har forskarar følgt fire kommunar gjennom tre år med etikkomitearbeid. SME inviterte til ein open sluttkonferanse om kva prosjektet har lært oss om etikkarbeid i kommunane. I tillegg blei moglegheiter og utfordringar for etikkarbeidet diskutert. Sluttkonferansa erstatta Oppstarts- og erfaringsseminaret for etikkråd og kliniske etikk-komitear i kommunehelsetenesta i 2022. (For programmet, sjå vedlegg 2.)

Kurs i etikk for legar i alders- og sjukeheimsmedisin, 13.–14. juni

Legar som arbeidar med gamle står ovanfor mange og krevjande etiske dilemma. SME arrangerer difor annakvart år eit kurs for sjukeheimslegar og andre legar som arbeider med eldre. Kurset hadde som før tittelen «De vanskelige beslutningene: Etikk og jus i verktøykassa» og hadde tema som pasientautonomi, forhandssamtaler på sjukeheim og i allmennpraksis, avgjersler om avgrensning av livsforlengande behandling, samtykkekompetanse, tvang og helseprioriteringar. Kurset hadde 109 deltakarar. (For program, sjå vedlegg 3.)

Innføringskurs for nye medlemer av kliniske etikk-komitear og etikkråd, 19.–20. september

Innføringskurset arrangerast årleg og har som mål å styrke kompetansen til nye medlemer i kliniske etikk-komitear. Deltakarane lærer å drøfte etiske problem frå kvardagen i helsetenesta på ein systematisk måte. Dei får også viktig kunnskap om etikk og jus relatert til sentrale tema som, mellom anna, pasientautonomi, samtykkekompetans og avgjersler ved livets slutt. Kurset blei heldt ved Scandic Oslo Airport, Gardermoen, hadde 65 deltakarar og blei svært positivt evaluert. Deltakarane satt særleg pris på godt fagleg innhald, og god balanse mellom workshop, diskusjon, undervisning, refleksjonar og drøfting i plenum (For program, sjå vedlegg 4.)

Haustseminaret for medlemer av kliniske etikk-komitear i spesialisthelsetenesta, 17.–18. november

Haustseminaret arrangerast også årleg, og har som mål å bidra med kompetanseheving og erfaringsutveksling blant medlemer i kliniske etikk-komitear i spesialisthelsetenesta. I 2022 inneheldt seminaret, mellom anna, innlegg om lærdomar frå pandemien med Trygve Ottersen frå FHI og personleg historie om vegen ut av anoreksi ved Anne-Pia Lystrup, samt dilemma ved bruk av tvang i behandling av alvorlege spiseforstyrningar ved Hedvig Aasen. Andre tema var jusen sin plass i etikkdrøftingar og spørsmål rundt tilbaketrekking av behandling for premature born, innleia av ein sak frå KEK St. Olav. I tillegg la enkeltkomitear fram saker til plenumsdiskusjon. Haustseminaret hadde 120 deltakarar fysisk, og 15 deltakarar digitalt. Det fekk svært positive tilbakemeldingar frå deltakarane, som la særleg vekt på interessante innlegg, samt at dei satt pris på å få presentert pasienthistorier. (For program, sjå vedlegg 5.)

Masteremner/etter- og vidareutdanningskurs (EVU)

SME held tre årlege, faste kurs for tilsette i helsetenesta, frå ulike nivå og med varierte yrkesbakgrunnar, samt masterstudentar ved UiO.

- SME4110 – Teoriar og metodar i helseetikken fokuserer på etiske teoriar og prinsipp som er relevante for helsetenesta, samt etisk argumentasjon. (For undervisingsplan, sjå vedlegg 6.)
- SME4210 – Etiske utfordringar i møte med pasientar og pårørande fokuserer på etiske utfordringar som oppstår i møte med pasientar i helsepersonell sin arbeidskvardag. Kurset er praktisk orientert, og tek mellom anna føre seg metodar for å styrke pasient-, brukar- og pårørandemedverknad gjennom forhandssamtalar. (For undervisingsplan, sjå vedlegg 7.)
- SME4310 – Rettleiing av etikkrefleksjon i helsetenesta fokuserer på etikk og etikkrefleksjon, med særleg vekt på å rettleie etikkrefleksjon. (For undervisingsplan, sjå vedlegg 8.)

4. Samarbeid og nettverk

- KS og SME opprettheld sitt samarbeid om etikkarbeid for kommunal helse- og omsorgsteneste, mellom anna gjennom fleire årlege møter. KS hadde også ein eigen presentasjon på nettverksdagen for etikkrettleiarar.
- Nasjonalt nettverk for klinisk etikk-komitear: E-postforumet for leiarar og sekretærar i etikk-komitear i spesialisthelsetenesta som byrja under pandemien, har fungert som ein arena for erfaringsutveksling og rådføring. Dette er særleg knytt til covid-19-relaterte saker, men òg andre saker og organisatoriske forhold. Årsmeldingane til komiteane syner at dette har haldt fram i 2022.
- Nasjonalt nettverk for forhandssamtalar: SME, ved Trygve Johannes Sævareid, koordinerer og leiar ei samling for dette FoU-nettverket. Samlinga fann stad 27. januar med om lag 30 deltagarar. Fleire fagutviklings- og forskingsprosjekt blei presentert. Det var diskusjonar knytt til implementering av forhandssamtalar, forhandssamtalar til personar med redusert samtykkekompetanse og diskusjon om ein pågåande internasjonal rundt nytten ved forhandssamtalar.
- CORAL: Reidar Pedersen har bidrige til det NFR-finansierte prosjektet «Samhandling for bedre tannhelseteneste til heimebuande pasientar med undervising/rettleiing om etikk, samtykke og tvungen helsehjelp, samt ph.d.-prosjekt om tvungen helsehjelp til barn i tannhelsetenesta.
- Sosiale medium: Facebook-sida til EIH har 2600 følgarar. SME har også ein Twitter-konto som deler artiklar innan klinisk etikk.
- Internasjonalt samarbeid:
 - Bert Molewijk er leiar og koordinator for European Clinical Ethics Network (ECEN), Morten Magelssen og Reidar Pedersen er medlemer.
 - Bert Molewijk er styremedlem i European Association for Centres of Medical Ethics (EACME).
 - Morten Magelssen samarbeider med bioetikkeininga ved sjukehuset Azienda-USL-IRCC i Reggio Emilia i Italia. Magelssen har delteke i bioetikkeininga si eigenevaluering med råd og bidrag til artikkelskriving. Bioetikkeininga driv med rådgjevinga innan klinisk etikk og med praksisnær etikkforsking.

5. Forsking og fagutvikling

Forsking og fagutvikling finansiert av løyvingane til Helsedirektoratet

Her presenterer vi større forskingsprosjekt gjennomført innan rammene til Etikk i helsetenesta-prosjektet.

Kommuneoverlegestudien

Dette er en intervjustudie med føremål å kartlegge etiske utfordringar kommuneoverlegar har opplevd under covid-19-pandemien, samt korleis dei har handtert dei etiske utfordringane som dei har stått i. 15 kommuneoverlegar er blitt individuelt intervjuet og ein artikkel om desse intervjuene er innsend til vurdering hjå eit tidsskrift.

Etikk på tvers – etablering av etikkomitear i kommunal teneste

I forskingsprosjektet Etikk på tvers har forskarar følgt fire kommunar gjennom tre år med etikk-komitearbeid. Målet med forskingsprosjektet har vore å implementere, beskrive og evaluere denne forma for etikkarbeid i kommunal helse- og omsorgsteneste. Prosjektet vart avslutta med ein sluttkonferanse i 2022 (sjå over). Seks vitskaplege artiklar er skrive frå prosjektet; to av desse er endå ikkje publisert.

SME har hausta mykje erfaring og ny kunnskap frå dette prosjektet. Dette vil setje oss i stand til å gje endå betre og meir målretta hjelp til kommunar som vil opprette eller vidareutvikle sitt etikkarbeid gjennom ein etikkomite. SME arbeider med ein oppdatert manual for kommunalt etikk-komitearbeid.

Etikkrefleksjonsgrupper i butilbod for personar med utviklingshemming

Prosjektet starta hausten 2021. Føremålet er å få kunnskap om dei etiske utfordringane personell i bustadar for personar med utviklingshemming opplever. Vidare vil vi undersøke kva for betydning etikkrefleksjon kan ha for samarbeidet mellom personell og pårørande i bustadar for personar med utviklingshemming. Tanken er at kunnskap om betre samarbeid òg kan bidra til å betre kvaliteten i omsorga og tenestene.

Spørjeundersøking om haldningar til etiske spørsmål i helsetenesta. Gjennom ei større spørjeundersøking om etiske spørsmål i helsetenesta har vi kartlagt befolkningas haldningar til ei rekke viktige spørsmål. Den første artikkelen handla om synet på forhandssamtalar. Den andre vart publisert i 2022 og syner ulike haldningar til prioritering i helsetenesta, men òg ei aukande støtte til dette. Den siste artikkelen, om folks haldningar til avgrensing av livsforlengande behandling, vert publisert i 2023.

Oppsummering av KEK-arbeid

SME v/Reidar Pedersen leier ei oppsummering av 20 år med KEK-arbeid i KEK for psykisk helse og rus i Vestre Viken.

Forsking og fagutvikling finansiert av andre midlar

SME har fleire eksternfinansierte prosjekt nært knytt til EIH-prosjektet. Desse prosjekta spring ut av utfordringar som vi har identifisert gjennom arbeidet vi her rapporterer på. Prosjekta forsøker å utforske og finne løysningar på desse problema. Implementering, evaluering og brukarmedverknad står sentralt. Det er overlapp i tematikk i kven som jobbar med disse prosjekta via frikjøp. Det er difor naturlig å nemne nokre av desse prosjekta i denne rapporten.

- *Implementering av førehandssamtaler for heimebuande eldre som vert akutt innlagt i sjukehus – ein klynges-randomisert studie.* Førehandssamtaler er ein måte å ta på alvor det etiske og juridiske imperativet om å involvere både pasienten og pårørande i planlegginga av behandling og omsorg. I 2020 fekk SME pengar frå Noregs forskningsråd (NFR) til eit prosjekt om implementering av førehandssamtaler. Reidar Pedersen er prosjektleiar. Prosjektet er både et implementerings- og intervensionsprosjekt, og skal bidra med forsking på kva for effekt implementering av førehandssamtaler kan gi på relevante utfallsmål i helsetenesta. Fokus i 2022 har vore å rekruttere deltakareiningar (de fleste akuttgeriatriske einingane i Helse Sør-Øst deltek), utvikle relevante og gode spørjeskjema, søknad til Sikt, utvikle intervensionspakke, måle implementeringa av førehandssamtaler med eit nytt måleinstrument for dette (fidelity-skala) utvikla i prosjektet og starte opp implementeringsstøtta i intervensionsarmen.
- *Bedre Pårørendesamarbeid (BPS).* BPS er et stort prosjekt leia av Reidar Pedersen, og finansiert av Noregs forskningsråd (2017-2023). Hovudmålet er å betre samarbeidet mellom pårørande, personar med psykoselidingar og dei profesjonelle, og slik betre den psykososiale helsa til brukarane og pårørande, samt kvaliteten på tenestene. Prosjektet har utvikla ei ny metode for å måle implementering av pårørandesamarbeid slik det er anbefalt i Norge og vist at det er store forbettingspotensial for pårørandesamarbeidet. BPS har også utvikla, prøvd ut og evaluert eit implementeringsstøtteprogram. Prosjektet har vist at det er mogleg å forbetre pårørandesamarbeidet mykje med dette programmet. I tillegg har prosjektet mellom anna gitt ny kunnskap om korleis forbetre pårørandesamarbeidet, kva som hemmar og fremmer pårørandesamarbeidet, korleis handtere tausheitsplikta ved alvorlege psykiske lidingar, og viktigheita av systematisk pårørandesamarbeid.
- *Kartlegging av bruk av tvang i sjukeheimar.* Eit oppdragsprosjekt frå Oslo kommune med kvalitative og kvantitative undersøkingar som gjerast i samarbeid med Aldring og helse. Reidar Pedersen er prosjektleiar og deltek saman med fleire andre frå SME.
- Berit Hofset Larsens ph.d.-prosjekt: Pasientautonomi ved alvorleg kreftsjukdom. Prosjektets mål er å utforske informasjon til alvorleg sjuke kreftpasientar i lys av idelet om pasientautonomi. Dette gjerast ved å studere videoopptak av autentiske konsultasjonar med kreftpasientar i en sjukehuspoliklinikk.
- Cecilie Hertzbergs ph.d.-prosjekt: Etikk i heimebaserte tenester. Dette kvalitative forskingsprosjektet tek føre seg etiske problemstillingar som tilsette i heimesjukepleia opplever gjennom arbeidsdagen, samt pasient- og pårørandeperspektiv. Prosjektet er finansiert av Stiftelsen Dam.
- Jacob Jorems ph.d.-prosjekt: Hausten 2020 fekk senteret midlar frå Stiftelsen Dam til en stipendiatstilling for et forskingsprosjekt om samtykkekompetanse i psykisk helsevern.
- Siri Færden Westbyes ph.d.-prosjekt: Forhandssamtaler for alvorleg sjuke heimebuande eldre. Det overordna målet med forskingsprosjektet er å forbetre helsetenesta for alvorleg sjuke eldre pasientar som bur heime og deira pårørande.
- Annette Robertsons ph.d.-prosjekt: En studie i legers avgjersleprosessar ved alvorlege traumatiske hovudskadar basert på hovudskaderegisteret og intervju med leger som tek avgjersle under usikkerheit. Robertsen disputerte i desember 2022 og prosjektet er dimed avslutta.

6. Klinisk etikk-komitear i spesialisthelsetenesta


Det var 38 kliniske etikk-komitear i spesialisthelsetenesta i 2022. Vi har motteke årsmeldinga til 33 av desse. Talet på komitemedlemer varierer frå 4 til 17, med ein median på 11 medlemer. Dei fleste etikk-komiteane blir leia av ein lege, medan resten blir leia av sjukepleiarar, prestar, samt ein psykolog. Dei kliniske-etikk komiteane har i gjennomsnitt hatt 7,5 møter i fjaråret. Her er det imidlertid stor variasjon: komitear for heile helseføretak, og ved dei største sjukehusa, har gjerne ti faste møter i tillegg til hastemøter. Komitear ved mindre sjukehus har noko færre møter og enkelte komitear i oppstarts- eller overgangsfasar har hatt eit fåtal møter. Talet på saker som blei behandla varierer frå ingen til 22. Her er det også variasjon ut ifrå storleiken til komiteen og typen institusjon som komiteen er tilknytt. I tillegg melder komiteane om ein rekke typer aktivitetar for å auke etikk-kompetansen i helseføretaka, som til dømes undervisingsoppdrag (særleg for legar i spesialisering), etikk- og/eller refleksjonsseminar og fagdagar.

Endringane i spesialisthelsetenestelova i 2021 stiller lovkrav til etikk-komiteanes mandat, arbeidsform og samansetning. Fleire komiteane nemner lovendringa og lovkrava eksplisitt i årsmeldingane sine. Enkelte årsmeldingar syner også tilpassingar, til dømes i komiteanes mandat og kontaktformat, for å oppfylle lovkrava. Minst ein komite melder om uklarheiter rundt lovkrava om komitesamansetning.. Dette syner kanskje eit behov for ytterlegare rettleiing om implikasjonane av § 2-4 a. Men lovkrava ser i stor grad ut til å vere oppfylt. Ein komite har ikkje klart å få på plass ein brukarrepresentant og ein komite manglar ein lege blant sine medlemer. Elles ser alle komiteane som har levert årsmelding til oss ut til å oppfylle lovkrava som stillast til komitesamansetning. I tillegg vitnar årsmeldingane til fleire komitear om aktiv kursdeltaking for å skaffe eller styrke kompetanse i medisinsk etikk blant sine medlemer.

Det er visse endringar å spore frå tidlegare år når det gjeld etikk-komiteanes rammevilkår. Fleire komitear har midlar til frikjøp av leiar og/eller sekretær. Fleire ikkje har nokon frikjøpte medlemer, og enkelte av desse melder om at rammevilkåra deira ikkje er tilstrekkelege. Etikk-komiteanes budsjett varierer frå 15.000 til 290.000. Gitt ulike sparetiltak i helseføretaka, ser det ut som at ein del komitear i praksis har hatt lågare kostnad enn budsjettet i 2022. Dette kjem til syne, mellom anna, i enkelte komitear som melder om utfordringar med å få sendt medlemer på kurs. Fleire komitear melder også om rekrutteringsutfordringar, særleg med tanke på klinikarar. Ein del komitear har i 2022 mista eit eller fleire medlemer som dei ikkje har klart å erstatte. Ein komite melder også om betydeleg nedgang i innmeldte saker frå klinikken som, basert på samtalar med klinikarar, skuldast at klinikarar ikkje kjenner at dei har tid til å melde inn saker. Det kan imidlertid ikkje lesast ut ifrå årsmeldingane at dette er ein generell trend.

Når det gjeld typen saker som meldast inn, verkar det å vere enkelte endringar frå fjaråret. Som tidlegare handlar flest saker om avgrensing av livsforlengande behandling. Den nest vanlegaste typen saker omhandlar spørsmål rundt tvang, samtykkekompetanse og pasientautonomi. Det var i 2022 berre to-tre pasientretta saker om Covid-19 oppe til drøfting, men enkelte komitear har drøfta prinsipielle Covid-relaterte saker. Komiteane verkar også å ha fått meldt inn noko færre saker som omhandlar pasientar med spiseforstyrningar. Det ser derimot ut som at komiteane har drøfta noko fleire prinsipielle og/eller generelle saker enn i fjaråret. For eit utval av fleire saker som har blitt drøfta i 2022, sjå tabell 1 under. Vi har også inndelt talet på saker etter tema i figur 1 under.¹

¹ Sidan ein del saker gjerne omhandlar fleire av desse temaa samstundes, har vi inndelt kvar enkelte sakene etter eitt hovudtema slik det kan lesast av skildringa i årsmeldingane.



Figur 1. Talet på saker etter tema.

Avgrensing av livsforlengande behandling

Eit fleirtal av sakene har omhandla etiske dilemma rundt avgrensing av livsforlengande behandling. I slike saker kan det vere faglege grunnar for å både stoppe og halde fram med behandlinga. Ei drøfting i KEK St. Olav seier at ein i slike tilfeller kan ha særleg grunn til å vektlegge synet til pårørende. Eit utdrag frå ei sak omtalt i årsmeldinga til KEK Møre og Romsdal syner det store spekteret av omsyn i saker om avgrensing av livsforlengande behandling.

I denne saken møter vi spørsmålet om hva som er et verdig liv? Ikke-skade-begrepet kommer i spill, da suksessrik gjenoppliving sannsynligvis vil føre til et liv med ytterligere svekket funksjon. Å la pasienten dø kan også vurderes som skade. Velgjørenhet er en annen sentral verdi; kan det være velgjørenhet at pasientens barn kan få beholde en av sine foreldre lengst mulig? Men er det til det beste for barnet, eller forlenger det en ventesorg? Er det egentlig velgjørenhet å opprettholde livet, eller er det for å avverge pårørendes sorg? Pasientautonomien er en viktig verdi. Her har pasient ikke mulighet til å vurdere sin egen situasjon og er avhengig av at pårørende uttaler seg. Hva med ressursbruken, hvis det faglig sett er nytteløs behandling?

Rus

I møte med pasientar med rusproblem må helsepersonell ofte balansere fleire etiske omsyn samstundes, som pasientautonomi, fagleg forsvarleg behandling, prioritering og ressursspørsmål og eige etisk stress. Sakene under syner ein slik balansegang. Det er til dømes drøfta to saker som angår samarbeidsproblem med rusavhengige pasientar i dialysebehandling. KEK Lovisenberg drøfta ei slik sak, samt det moralske stresset dette medfører for helsepersonell. KEK Ahus drøfta ei sak om å vidareføre dialysebehandling for ein pasient med tungt, langvarig aktivt rusmis bruk. Her leggast det mellom anna vekt på den legefaglege vurderinga om at behandlinga vil vere til liten nytte for pasienten, som ved fleire tidlegare dialysebehandlingar ikkje har klart å følgje naudsynte krav for godt behandlingsresultat.

KEK St. Olav drøfta ei sak ein pasient som under ruspåverking skreiv seg ut for tidleg, noko som kunne medført fare for pasientens liv og helse, samt re-innleggningar. Her har komiteen drøfta moglegheitene for bruk av tvang. Dei føreslår, mellom anna, at helsepersonell kunne forsøke å nyte episodar der pasienten var klar og ikkje ruspåverka til å få pasientens syn på bruk av tvang for å hindre slike utskrivingar. KEK Sørlandet drøfta ei sak om ein pasient på LAR som ønska å få utdelt metadon for ein heil utanlandstur. I drøftinga blir det lagt vekt på at det å ikkje dele ut metadon for heile turen vil hindre pasienten å delta og difor vere negativt for pasientens autonomi. Samstundes finn komiteen sterke argumenta mot å dele ut metadon for heile turen, i og med at turen var av ein karakter som gjorde at medisinske komplikasjonar for pasienten også kunne medføre risiko for andre turdeltakrar. KEK Førde hadde ei sak om ein krevjande LAR-pasient med sår og infeksjonar grunna sjølvskading som blei behandla i lange sjukehusopphald. Pasienten mellom anna fordi hen held fram med sjølvskading under opphalda, og viste teikn til å ikkje «takle livet utanom sjukehuset» og vende raskt tilbake til andre avdelingar etter utskrivingar. Komiteen drøfta korleis ein kan sette grenser på ein empatisk og tydeleg måte. Enkelte avdelingar har i ettertid forsøkt forvernsamtale før innlegging, som ser ut til å ha nytta.

Prioritering og ressursspørsmål

Prioritering og ressursspørsmål er gjerne eitt av fleire omsyn ved mange saker som komiteane drøftar. Likevel er det også enkeltsaker med prioritering som eit tydeleg hovudtema. KEK Haraldsplass drøfta ei sak om kva som er rett plassering av ansvaret for avgjersler om prioritering. Saka handlar om fordeling av polikliniske timar for pasientar som etterspør innkalling når dato for kontroll er passert. Her får administrativt tilsette dette ansvaret, som opplevast som etisk stressande. Drøftingsmøtet resulterte i ei rekke handlingsalternativ for å hjelpe administrativt tilsette å handtere utfordringar ved slike situasjonar. KEK Diakonhjemmet drøfta om ei sak om kursing av ikkje-norskspråklege pasientar med revmatiske sjukdomar. Det har hittil vore tilbod om kursing for pasientar som tilhøyrer store språkgrupper, men spørsmålet er om dei kan halde kurset for berre ein pasient med eit anna morsmål. Komiteen påpeikar her at to prinsipp om rettferd er konflikt: rettferd i likeverdige helsetenester tilseier at pasienten bør få tilbodet, rettferd i lik ressursbruk per pasient tilseier det motsette. Samstundes kan kursing redusere kostnadane gjennom å minske behovet for spesialisthelsetenester. Komiteen påpeikar også viktigheita av å drøfte slike saker godt, i og med at avgjersla kan bli førande for liknande saker. KEK Førde drøfta ei sak om ein akutt sjuk kreftpasient utan medlemskap i folketrygda. Pasienten er starta på cellegift og er forventa å leve i 3-4 år til, og komiteen skriv at det er lite truleg at pasienten ville hatt like god prognose av behandlinga i heimlandet. Spørsmålet komiteen drøftar er mellom anna balansen mellom pasientens rett til behandling som ikkje kan vente og prinsipp om rettferd som tilseier at pasienten ikkje kan få tilbod om godar som andre i liknande situasjonar ikkje får. I KEK OUS blei ei liknande sak drøfta om det er etisk akseptabelt å sete ein pasient med midlertidig opphold på liste for organtransplantasjon.

I tabell 1 gjev vi fleire eksempel på sakar sortert under tema.

Tema	Saker
Tvang, autonomi	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kan ein ung vaksen pasient undersøkast somatisk mot si vilje for å utelukke at somatisk sjukdom er underliggende årsak til psykisk funksjonsfall? ▪ Bør ein oppretthalde tvang og behandlingstiltak for pasient som ikkje gjer seg nytte av behandlingstilbodet? ▪ Er det rett å igangsette tvangsernæring på ikkje-samtykkekompetent pasient som er innsett i fengsel? ▪ Bør tvang nyttast i tilfelle der pasientar motsett seg livsnaudsynt behandling for alvorlege helsetilstandar som avansert kreftsjukdom eller alvorleg anoreksi? ▪ Kva er dei etisk relevante omsyna når det gjeld tvangsbehandling av ein ung pasient i psykisk helsevern?
Usemjø med pårørande	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Korleis vekte pårørandes ønske om at ein ikkje-samtykkekompetent pasient ikkje blir informert om alvorleg kreftdiagnose opp imot pasientens rett til informasjon? ▪ Sjukeheimspasient fekk PEG revet ut og familiø ville avvente og vurdere om det var livsnaudsynt å sette den inn igjen, medan pårørande ønska å sette inn igjen augneblikkeleg. ▪ Usemjø mellom behandlerar og foreldre til ung pasient om kor stor del av ansvaret pasient og familie bør ta for livsnaudsynte behandlingstiltak.
Usemjø om fag. forsv. behandling	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka bruk av sikkerheitsvakter som fastvakt i situasjonar utan sikkerheitsmessige utfordringar når ein ikkje får tak i helsepersonell. Sjukepleiar i akuttmottak melder inn bekymring sidan sikkerheitsvaktene manglar helsefagleg kompetanse, og medfører meir arbeid for sjukepleiarar på post grunna hyppig tilkalling, og at ordninga kan verke stigmatisere og skremmande ovanfor pasientane. ▪ Sak om behandlingsansvar, pasienttilstand og tvang for pasient som behandlerar aldri har møtt fysisk. Sak meldt inn av behandlerar i team med «oppfølgingsansvar» for pasienten.
Sjølvmord, sjølvskading	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Usemjø mellom behandlerar i psykiatrien og somatikken om behandlingsstrategi for ung pasient som har drive med omfattande sjølvskading. ▪ Kva er god helsehjelp for pasient med tilbakevendande episodar med sjølvskading når naudhjelp, samt tvang, verkar å oppretthalde eller forsterke slik åtferd og er ressurskrevjande?
Covid-19	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kan ein ty til tvang i behandling av covid-sjuke vaksinemotstandarar? (Dette er ein prinsipiell sak drøfta i nasjonale e-postutvekslinger blant etikkengasjert helsepersonell.) ▪ Korleis handtere pasientar med demens med covid-19 som vandrar i sjukehuskorridorar, utan bruk av tvang?
Samhandling med kom. og andre inst.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kan ein pasient med ALS skrivast ut viss vidare oppfølging og behandling i kommunehelsetenesta ikkje opplevast som fagleg forsvarleg av behandlingsteamet i spesialisthelsetenesta? ▪ Spørsmål rundt utlevering av opplysingar til politiet når pasienten er død.
Spiseforstyring	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Pasient og behandler stiller spørsmål om nytten ved å halde fram med tvangsbehandling for å oppnå retningslinjas mål om BMI 20 for å unngå kronisk spiseforstyring og/eller død.
Arbeidsforhold til helsepers.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kva skal ein gjere med utagerande pasientar som er til fare for seg sjølv og helsepersonell? Diskutert på generelt grunnlag, men diskusjon utløyst av fersk erfaring med ein pasient. ▪ Kan forventingar om truande pasientmøter gi dispensasjon frå gjeldande instruks om at helsepersonell må bære synleg ID-kurt med fullt namn og bilet?

Tabell 1. Eit utval saker drøfta i kliniske etikk-komitear i 2022.

Mange komitear arrangerer seminar, fagdagar, og liknande, på sjukehusa med føremål om å styrke den etiske kompetansen blant dei tilsette, samt å synleggjere komiteen. Ein del komitear jobbar også med synleggjering på intranettet, til dømes ved å legge ut månadlege etiske dilemma. Arbeid med

etikkrefleksjonsgrupper er også noko enkelte komitemedlemer er involverte i. I tillegg kjem etikkundervising for legar i spesialisering. For eit utval av slike aktivitetar, sjå tabell 2 under.

Komite	Aktivitet
Bergen	<ul style="list-style-type: none"> ▪ «Hub» om KEK-arbeid under internasjonal prioriteringskonferanse ▪ Seminar om overbehandling ▪ Filmframvisning og paneldiskusjon ved Bergen internasjonale filmfestival ▪ Førelesing ved VID om etikk i akutte situasjonar ▪ Etikkundervising for LIS og sjukepleiarprogram
Drammen	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Delteke i revidering av føretakets Behandlingsavklaring/HLR-minus-prosedyre ▪ To halvdagsseminar med tema samtykkekompetanse og prioritering ▪ Etikkundervising for LIS
Møre og Romsdal	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Årleg seminar med tema om mediadekning av helsestoff ▪ Undervising på seksjonar og avdelingar i føretaket ▪ Etiske refleksjonsgrupper for helsepersonell ▪ Etikkundervising for LIS
Norlandssykehuset	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Arrangert regional nettverkssamling for KEK i Helse Nord ▪ Arbeid med regional opplæring av etikkrettleiarar ▪ Etikkrefleksjonsgrupper på akuttpost ved PHR ▪ Undervising i etikk for fire postar/team ▪ Etikkundervising for LIS
OUS	<ul style="list-style-type: none"> ▪ 19 interne og 6 eksterne føredrag/undervisingstilbod ▪ Innspel om referatarkivering og rammevilkår i KEK-ane for Helse Sør-Øst RHF ▪ Eit medlem deltok i Holden IV-utvalet ▪ Har starta opp refleksjonsgrupper ▪ Etikkundervising for LIS
Sørlandet sykehus	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Medlemer har helde fleire føredrag/undervisingoppdrag, mellom anna, om organdonasjon for anestesisilegar, strukturert etisk diskusjon for brukarutvalet, etikk og jus for sjukepleiarar ved medisinsk intermediæreining. ▪ Regelmessig møte med fagdirektør ▪ Etikkundervising for LIS

Tabell 2. Eit utval andre aktivitetar utført av kliniske etikk-komitear i 2022.

7. Etikkråd/klinisk etikk-komitear i kommunane

Ved utgangen av 2022 var det 15 kommunale etikk-komitear/etikkråd i Noreg. Sidan 2021 har to etikk-komitear/etikkråd blitt nedlagt, medan tre etikk-komitear er under etablering og kjem i tillegg til dei 15 etablerte komiteane. SME har fått totalt 7 årsmeldingar, som er en nedgang frå i fjor. Komiteane er tverrfagleg samansett, og består av ulike yrkesgrupper. Det er som tidlegare en stor del sjukepleiarar. Ei anna yrkesgruppe som også er svært godt representert er prestar. Elles består etikk-komiteane blant anna av legar, hjelpepleiarar, juristar, fysioterapeutar, vernepleiarar, rådgjevarar og fagkonsulentar. Som klinisk etikk-komite i Oslo kommune skriv i sin årsmelding: «Tverrfaglighet er en forutsetning for at komiteen skal kunne vise helhetlig forståelse og innsikt i møte med de som henvender seg til oss, og sikre en bred forståelse av det etiske dilemmaet». Sidan 2021 har nokon komitear blitt større, medan andre har blitt mindre. Talet på medlemer varier frå 6 til 17, og dei fleste arbeider i sjukeheimar, helsehus eller i heimetenesta.

2022 byrjar som svært preget av pandemien, medan det ved utgangen av året igjen var mogleg å gjennomføre møter og drøftingar som tidlegare. Fleire av komiteane har opplevd denne overgangen utfordrande, og dette relaterast særleg til budsjetter og endringar i arbeidsoppgåver i kjølvatnet av

pandemien. Hos nokon komitear har det blitt gjort endringar i mandatet og vore omstillingsprosessar. I Bærum kommune har det vore stor utskifting av medlemer, og arbeidet har inneverande år bestått i å forankre tilbodet hos direktørane for helse- og omsorgstenester og rekruttere nye medlemmer til det som nå heter Etisk Råd. Det meldes også om vekst og vidareutvikling, og en svært gledeleg hending var at Interkommunalt Etikkråd for helse- og omsorgstenestene i Løten, Ringsaker og Stange kommune fekk Etikkprisen 2021.

Under pandemien var komiteane si verksemdu i stor grad digitalt. Noko av dette har blitt vidareført, men i hovudsak er det no fysiske møter. Fleire av årsmeldingane omtalar deltaking på SMEs arrangement - Erfaringskonferansen, forskingsprosjektet «Etikk på tvers» og Innføringskurs for nye medlemmer av kliniske etikk-komitear og etikkråd – svært positivt.

Talet på saker som har kome inn til dei ulike kommunane varierer, under følger et utval av saker som har blitt drøfta i 2022:

- Pårørande som tek fleire avgjersle enn brukaren ønsker
- Intern drøfting - Etiske problemstillingar i forbindelse med pandemien
- Usemje om behandlingsmål
- Pasientgruppe med samansette behov som «ikke passer inn» under de kommunale helsetenestene
- Kompetanse i avgjersle og grensesetting
- Vurdering av samtykkekompetanse, usemje mellom pårørende og helsepersonell
- Bruk av tvang i stell
- Behandling med tvang etter pasient- og brukarrettslova kap. 4A eller pykisk helsevernlov på sjukeheimar?
- Bør det leggast inn PEG-sonde for å gi ernæring og medisinar til pasient som er psykisk sjuk?
- Kor mykje/kor lenge bør ein gi livsforlengande behandling til pasient med store utfall etter hjerneslag?
- Bør brukaran på grunnlag av komplekse forhold heime og stort pleiebehov ha fast plass på institusjon?
- Bør pasienten flyttast til et høgare omsorgsnivå mot sin vilje?

8. Publisering

Vitskaplege publikasjonar (fagfellevurdert)

1. **Solberg CT**, Tranvåg EJ, **Magelssen M**. Attitudes towards priority setting in the Norwegian health care system: a general population survey. BMC Health Serv Res. 2022;(1):444.
2. Isaksson Rø K, **Magelssen M**, Bååthe F, Miljeteig I, Bringedal B. Duty to treat and perceived risk of contagion during the COVID-19 pandemic: Norwegian physicians' perspectives and experiences—a questionnaire survey. BMC Health Serv Res. 2022;(1):1509.
3. **Karlsen H**, **Magelssen M**, Thoresen L. Etikkdrøftinger i kommunale etikkomiteer – hva bidrar det til? En studie av helsepersonells erfaringer. Nordisk sygeplejeforskning. 2022;(2):1–14.
4. Bringedal BH, Rø KI, Bååthe F, Miljeteig I, **Magelssen M**. Guidelines and clinical priority setting during the COVID-19 pandemic – Norwegian doctors' experiences. BMC Health Service Research. 2022;22(1):1192.

5. **Larsen BH**, Lundeby T, Gulbrandsen P, **Førde R**, Gerwing J. Physicians' responses to advanced cancer patients' existential concerns: A video-based analysis. *Patient Education and Counseling*. 2022;105(10):3062–70.
6. De Panfilis L, **Magelssen M**, Costantini M, Ghirotto L, Artioli G, Turola E, et al. Research, education, ethics consultation: evaluating a Bioethics Unit in an Oncological Research Hospital. *BMC Medical Ethics*. 2022;23(1):133.
7. Lie HC, Gerwing J, Bondevik H, Bostad I, Ellingsen DM, Frühholz S, **Larsen BH**, et al. Studying clinical communication through multiple lenses: The underused potential of interdisciplinary collaborations. *Patient Education and Counseling*. 2022;(6):1673–5.
8. Hem MH, **Molewijk AC**, Weimand BM, **Pedersen R**. Patients with severe mental illness and the ethical challenges related to confidentiality during family involvement: a scoping review. *Frontiers in Public Health* (in press).
9. Hansson KM, Romøren M, **Pedersen R**, et al. Barriers and facilitators when implementing family involvement for persons with psychotic disorders in community mental health centres - a nested qualitative study. *BMC Health Services Research* 2022.
10. Hansson KM, Romøren M, Weimand BM, Heiervang KS, Hestmark L, Landeweir E, **Pedersen, R**. The duty of confidentiality during family involvement: ethical challenges and possible solutions in the treatment of persons with psychotic disorders. *BMC Psychiatry* 2022;22(1): 1–13
11. Husum, TL; **Pedersen, R**, Aasland OG. Frequent Violations and Infringements against Users in Mental Health Care Confirmed by Both Users and Professionals—A Quantitative Study. *Issues in Mental Health Nursing*. 2022;43(9):862–869.
12. Heiberg KE, **Heggestad AKT**, Jøranson N, et al. 'Brain fog', guilt, and gratitude: experiences of symptoms and life changes in older survivors 6 months after hospitalisation for COVID-19. *European Geriatric Medicine*. 2022;13:695–703.
13. Jøranson N, **Heggestad AKT**, Lausund H, et al. Older patients' perspectives on illness and healthcare during the early phase of the COVID-19 pandemic. *Nursing Ethics*. 2022;29(4): 872–884.
14. Storaker A, **Heggestad AKT**, Sæteren B. Ethical challenges and lack of ethical language in nurse leadership. *Nursing Ethics*. 2022;29(6):1372–1385.
15. **Brøderud L**, Risted E. Eldre pasienter og sykepleieres erfaring med forhåndssamtaler i sykehuss: En systematisk litteraturgjennomgang. *Nordisk sygeplejeforskning*. 2022;12(3):1–16.
16. Snoo-Trimp JC, van Gurp JLP, **Molewijk AC**. Conceptualizing the impact of moral case deliberation: a multiple-case study in a health care institution for people with intellectual disabilities. *BMC Medical Ethics*. 2022;23(10).
17. Weiner C, Pergert P, Castor A, **Molewijk AC**, Bartholdson C. Difficult situations and moral questions raised during moral case deliberations in Swedish childhood cancer care – A qualitative nationwide study. *European Journal of Oncology Nursing*. 2022;60.
18. Snoo-Trimp JC, de Vries A, **Molewijk AC**. How to deal with moral challenges around the decision-making competence in transgender adolescent care? Development of an ethics support tool. *BMC Medical Ethics*. 2022;23(96).

Ikkje-vitskaplege publikasjonar og fagtekstar

1. **Larsen BH**. Er det etisk akseptabelt å redusere behandlingskvaliteten i krisetider? *Sykepleien*. 2022;89412–89412.

2. Thoresen L, **Larsen BH**, Rugseth G. Etikk ryddet av veien? En diskusjonsartikkel om filming i helseinstitusjoner. Sykepleien. 2022.
3. **Larsen BH**. Hva kan rettferdiggjøre tvangstiltak? Sykepleien. 2022:e-90856.
